

# **Vedtekter for Fjærland radio, føretaksnummer 994 900 137**

Vedtekne på skipingsmøtet 29. desember 2009

## **§1 Namn og sete**

Namnet på laget er Fjærland radio. Laget har sete i Fjærland, Sogndal kommune.

## **§2 Føremål**

Fjærland radio har til føremål å driva FM-radio på friviljug basis for og i Fjærland, samt andre aktivitetar i tilknytning til dette.

## **§3 Om laget**

Fjærland radio er eit sjølveigande, friviljug lag. Styret, lagslemene og årsmøtet heftar ikkje for gjeldi til laget, disponerer ikkje over eignelutane eller formuen til laget, og har ikkje krav på utbetaling av godtgjersler eller overskot frå drifti av laget.

## **§4 Organisasjon**

### **§4.1 Lagslemer**

Personar med bustadadresse Fjærland har møterett på årsmøtet. Dei av desse som er 11 år eller eldre i årsmøteåret, har møte-, tale-, forslags- og røysterett på årsmøtet, og vert i desse vedtektene kalla lagslemer. Lagslemene har omfattande innsyns- og avgjerdsrett i laget, og pliktar å bruka desse rettane til beste for laget.

### **§4.2 Årsmøtet**

Årsmøtet er det øvste organet i Fjærland radio.

Styret kallar inn til årsmøtet, som skal haldast seinast innan utgangen av september kvart år. Årsmøtet skal varslast skriftleg ved oppslag med minst tre vekers varsel. Når minst fem lagslemer krev det, skal det haldast ekstraordinært årsmøte innan tre veker frå kravet vart sett fram for styret. Alle saker på vanleg årsmøte vert avgjorte ved enkelt fleirtal.

## **§4.3 Årsmøtesaker**

Årsmøtet skal ta opp desse sakene:

- Godkjenning av innkalling og saksliste
- Val av ordstyrar
- Val av referent
- Val av to til å skriva under protokollen
- Årsmelding
- Årsrekneskap
- Val av styre og styreleiar, varamedlemer, valnemnd og revisor
- Innkomne saker

### **§4.3.1 Innkomne saker**

Lagslemene kan koma med saker til årsmøtet. Desse skal vera styret i hende seinast ei veke før årsmøtedatoen.

### **§4.3.2 Årsrekneskapen**

Årsrekneskapen skal vera revidert av ein lagslem som er myndig i årsmøteåret. Alle lagslemer kan når som helst i løpet av året krevja innsyn i underlagsmaterialet for rekneskapen. Styret skal stetta slikt krav innan ei veke frå kravet vart sett fram for styret.

### **§4.3.3 Val**

Årsmøtet vel fem styremedlemmer, to varamedlemmer, to medlemmer til valnemndi og ein revisor. Alle desse sit for to år om gongen.

### **§4.3.4 Valnemndi**

Valnemndi innstiller lagslemer til valet. Innstillingi til valnemndi skal vera klar til årsmøtet.

## **§5 Styret**

Styret driv den daglege verksemd og står til ansvar for årsmøtet. Styret skal gjera arbeidet sitt kjent for lagslemene ved på høveleg vis å offentleggjera innkallingar til styremøte, styrereferat og informasjon om pågåande arbeid. Lagslemer har møte- og talerett på styremøte.

I styret sit fem lagslemer. Styret er vedtaksført når minst tre av desse er til stades på styremøte. Styret skal ha styreleiar og nestleiar, kasserar og to styremedlemmer. Årsmøtet vel styreleiar. Utover dette konstituerer styret seg sjølv på fyrste vanlege styremøte etter årsmøtet. For styret stiller to varamedlemer, som vert valde på årsmøtet. Ved forfall har kvart styremedlem ansvar for å kalla inn vara.

## **§6 Vedtektsendringar**

Ynskje om vedtektsendringar skal vera melde til styret på same måte som innkomne saker til årsmøtet. Årsmøtet kan endra vedtektene ved enkelt fleirtal.

## **§7 Oppløysing**

Om drifti i Fjærland radio opphøyrer, kan ekstraordinært årsmøte vedta å oppløysa organisasjonen. Eventuelt vedtak om oppløysing skal skje med minst to tredjedels fleirtal. Ved oppløysing skal eignelutane gå over til bygdautvalet i Fjærland, eller annan organisasjon med tilsvarande funksjon.